



SAKSHANDSAMAR  
Hanne Merete R. Moldung

VÅR REF.  
17/01227-2

ARK. P - Plansaker  
259 Samnanger kom. - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98 20 27 97

DYKKAR DATO  
01.06.2017

VÅR DATO  
01.06.2017

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Samnanger kommune - Kommuneplanen sin arealdel for 2017-2027 - Offentleg ettersyn - Riksantikvaren sitt innspel

Riksantikvaren viser til oversending av 1.6.2016 om offentlig høyring av kommuneplanen sin arealdel for 2017-2027 for Samnanger kommune. Fylkeskommunen skal innhente og samordne merknader frå øvrig kulturminneforvaltning i plansaker og skal gi ei samla fråsegn på vegne av kulturminneforvaltninga, jf. forskrift til kulturminnelova (kml.) kap. 1, § 1 pkt. 2.

Riksantikvaren sitt innspel gjeld Samnanger mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 85366-4, som er automatisk freda i medhald av kml. § 4 første ledd pkt. j). Samnanger kyrkje er listeført.

### Kyrkjestader frå mellomalderen

Kyrkjene var ofte plasserte på sentrale og framtrekande stader i landskapet og bevisst forma som landemerke. Kyrkja var ofte eit identitetssymbol i lokalsamfunnet og var ofte plassert på stader med lang tradisjon for busetnad, og som religiøs og sosial samlingsstad. Mange forskjellige kulturminne frå ulike tidsperiodar finst derfor vanlegvis i dei nærmaste omgjevnadene til desse kyrkjene. Kyrkja og einskildelementa i dei nærmaste omgjevnadane har ofte stor verdi kvar for seg som kulturminne, og samla som kulturmiljø. Dette legg føringar for kva som kan akseptast av utbygging eller endringar i området.

### Samnanger mellomalderkyrkjestad

I mellomalderen var Samnanger kyrkje truleg ei stavkyrkje. Rundt 1652 vart denne erstatta av ei tømmerkyrkje, som i 1851 vart erstatta av den noverande kyrkja. Den gamle kyrkjegarden vart utvida i 1886 (mot sør og mot aust), i 1907 (mot aust), og i 1970 (mot sør). Noverande steingard vart murt opp rundt 1950.

### Riksantikvarens merknader og vurderingar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står derfor sterkt i lovverket. Samnanger kyrkjestad er ein mellomaldersk kyrkjestad. Det er derfor viktig å vurdere om tiltak i planen vil vere utilbørleg skjemma for det automatisk freda kulturminnet i området, jf. kulturminnelova § 3.

Samnanger mellomalderkyrkjestad er eit automatisk freda kulturminne, og skal visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Avgrensinga av Samnanger mellomalderkyrkjestad ligg i Askeladden under id. nr. 85366-4.

Til mellomalderkyrkjestaden høyrer avgrensing av ei sikringszone på 5 meter, jf. kml. § 6, som inngår i det automatisk freda kulturminnet. Føresegner som sikrar god forvaltning av mellomalderkyrkjestadane må innarbeidast i kommuneplanen. I føresegnene for Samnanger mellomalderkyrkjestad skal det stå:

*«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.*

*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»*

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderske kyrkjegarder, er her meint ein jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945 meiner Riksantikvaren at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredsstillar vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje takast opp att. Vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 frå Miljøverndepartementet og Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

For all anna graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve etter kml. § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebere inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjestad.

Riksantikvaren vurderer det slik at kyrkjestaden sine opphavlege omgjevnader i liten grad er forstyrta av utbygging frå nyare tid. Riksantikvaren vurderer det som viktig å ivareta den kulturhistoriske samanhengen som kyrkjestaden er ein del av og hindre at arealformål i nærleiken av kyrkjestaden medfører fare for utilbørleg skjemming av den mellomalderske kyrkjestaden.

Dersom kommunen gir melding om at føresegnene til kommuneplanen ikkje vert endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader, og Hordaland fylkeskommune ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt ta over planen som kulturminnestyresmakt og fremje motsegn til planen.

Beste helsing

Hanne Merete R. Moldung (e.f.)  
seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjent**